Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: Johannes Hagen

(adresse): Leksvik

Fylke: Nord-Tröndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Blankbygda

Gard: Nordre Röstad

G.nr. 34 Br.nr. 2+3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Ja, både ard og plog er bruka i bygda.

2) No har hestrakka teki kommet til arden; men for 25–30 år sidan var arden enda i bruk på mange gardar i bygda. I kornåkeren vart ikkje arden brüka, der var det grevet som vart brüka. Og for omlag 100 år sidan kom det i brük firekanta tindhorver, som seinare vart gjort råkakke, som dei molda ned kornet med.

3) Arden vart brüka både når poteten vart sette og til å hyppe med (alå oppmed) Det er ingen skilnad på ard og hyppeplog for det er same reiskapen.

4) Det er mange ardtyper som er brüka. Nei eg har ikkje set det.

5) Eg kjenner ikkje til det.

6) Det er, åsen, styret, lesten, eller stakkjen

2528

fjöla, skjeret eller skoen, moldfoten, restillen på arden, og armar og slir på dei faste skaklane, armar og kommelmor på dei som er lause.
Dei faste heiter drag og dei lause for skakla, m. tjukk l.

7) På dei ardane eg har set er skjera nokså like. Nei eg kjenner ikkje til at ~~det~~ har vori meir enn ein ard på kvar gard.

8) Dei har havt veltefjöler for at molda skulle velte meir tilside.

9) Ard er ikkje brúka om horvtyper.

10) På nokre typer regúlera dei djúpna med ristillen, på andre med ein moldfot.

11) Eg har set ein ard omlag som fig 6. Ardane vart berre brúka til å slå opp rader for potet og rotvokstrar og til hypping. Dei er kalla ala m. tjukk l. Dei fleste hadde ristill. Veltefjölene var faste og mest av tre, men ~~nokre~~ har fjöler av jarn.

12) Dei vart laga på gardane, men jarninga gjorde ein bygdasmed.

———

2528

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Blad 2
Emne nr 1



13) Ja, no er det berre fabrikklaga plogar som vert brūka, dei heimegjorte er ūtslitte. Når det vart gått over frå heimegjorte til fabrikksmiddele er så ymse på dei ymse gardar. Nokre gardar hadde gått over til å brūka fabrikkplogar for 70-80 år sidan, medan andre har brūka heimelaga til for ein 25-30 år sidan. Og på jamnan vart heimelaga og fabrikkplogar brūka om einannan på kvar gard til dei heimelaga var ūtslitte. Så å tidfeste overgangen er ikkje godt. Det var bygdasmedar som laga plogane her i bygda, iallfall dei siste mannsaldrane.

14) Den plogtypen som er brūka her er nokså lik fig 8.; men fjöla er vridd og heilt av jarn, medan losten på nokre er av jarn medan andre har trelast med jarnbeslag på. Men farfaren min, han var född i 1830, hugsa plogar med trefjöl. Det var berre skjeret og ristilen som var av jarn.

15) Dei hadde plogspade, den var gjort av hardt treslag. Meir veit eg ikkje om det, har ikkje sett nokon.

16) Plogen vart köyrd på den motsatte sida av veltefjöla når dei köyrde han i tomgang.

2528

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17) Det er på alle plogar brúka 2 klossar på åsen, ein eit stykke framanfor ristellen og ein bakpå åsen. Noko serskild namn på dei har eg ikkje höyrt, men skittkel har vori eit mykje nytta skjelsord i bygda

18) Vanleg var det ikkje, men på nokre gardar hadde dei både högre og venstreplog. Där der det var meir lagleg å brúka venstreplog, brúka dei han. Og der det kom på det same kva plog som vart brúka, tok dei högre og venstre skiftomtil så ikkje jorda vart velta til same sida kvar gong dei plögde.

19) Dei plögde vel ein 4-5 tomar djúpt med dei gamle plogane. Djúpna vart regúlera med ein stillbar sleipesko frampå åsen, moldfat var namnet. og den var av tre.

20) Ja på alle plogane eg har set har det vori ristill.

21) Det trúr eg ikkje.

22) Dei köyrde plogen på tremeisleda.

23) Falkensteinplog eller variant av denne finns ikkje i bygda.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Blad 3
Emne nr. 1



Plog er namnet på den reiskapen som velter jorda til ei side, og åsen er kalla plogåsen.
Ard er namn på det ein velter jorda til begge sider med.
Ard er hankjön i Sekovikmålet, vi seier ein al, og alen, m tjukk l.
Den plogtypen som var bruka her kalla dei norskplog, men stundom grindplog og.
Plog vert uttala med tjukk l.

2528
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1)



Ardtype frå Leksvik

2)



Ard frå Røstad meldom Leksvik

Alt av tre, så nær som skjeret og ristillen.

2528
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

/.

3






Norskplog frå Røstad mellom Leksvik

2528
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING